

Sak til Årsmøte i Fagforbundets Sogndal Avd. 547

Forslag til endring av styrehonorar i Fagforbundet Sogndal avd. 547

Fagforbundet Sogndal er ein stor Fagforeining på nærmare 850 medlemmer. Det krevst tidvis mykje arbeidsinnsats av enkelte i styret for å følgje opp ansvarsområdet på ein god og tilfredsstillande måte. Arbeidsmengda på leiar og FANE II ansvarleg har auka dei siste åra etter samanslåinga av kommunane og dei honorarsatsane me nytta i dag, ligg svært lågt samanlikna med andre fagforeiningar i Vestland fylke.

Styret foreslår difor å justere opp dei ulike honorarsatsane for i større grad reflektera arbeidsmengda som ligg knytt til verva. Samanlikna med andre fagforeiningar er forslaget til nye satsar fortsett moderate. Fagforbundet Vestland har til dømes i e-post til styret 3. januar 2022 anbefalt eit frikjøp av leiar på 20 %, men Fagforeningsstyret i Sogndal valte ved årsmøte i 2022 å auke dette tilsvarende 10 % frikjøp.

Styret fekk ved årsmøte 2023 ny leiar og ein vel her å justere sats for å harmonisere lønna til den nye tilsvarende 10 % av den daglege lønna. Lønna vert utbetalt i 2 terminar som 01. juni og 01. desember.

Arbeidsmengda på fane 2 ansvarleg krev tidvis daglege oppgåver, så for å kunne ivareta dette vervet samt sikre rekruttering ved seinare høve er forslaget å auke denne opp.

Revisorane var ved årsmøtevedtak i 2022 ikkje nemnde i honorarsatsane, men hadde tidlegare vedtak på 2.000 kr. så desse vel me å legge inn i same sak under årets forslag. Det vert soleis ryddigare å ha et vedtak som omhandlar alle på same sak.

Om ein person har 2 verv vil dei få begge satsane om ønskeleg. Det vil og utløyse skatteplikt av honorar om summen vert over 10.000 totalt.

Ved mykje fråvær på deltaking av styremøte, kan styret gjere vedtak om reduksjon av honoraret.

Styret i Fagforbundet Sogndal foreslår følgande nye satsar for styrehonorar:

Lønn / Honorar årlig sats justert.

Leiar:	63 000 kr = 10 % frikjøp/honorar (skattepliktig)
Nestleiar:	10 000 kr
Kasserar:	10 000 kr
Fane II ansvarleg:	30 000 kr (skattepliktig)
Sekretær:	7 000 kr
Opplæringsansvarleg:	7 000 kr
Ungdomstillitsvalt:	7 000 kr
Seksjonsleiar:	5 000 kr (x 4 stk.)
Vara seksjonsleiar:	2 000 kr (x 4 stk.)
HTV:	4 000 kr
Styremedlem:	4 000 kr
Revisorar:	3 000 kr (x 2 stk.)
Pensjonisttillitsvalt:	4 000 kr

Om alle verv er besette vil dette gje maks årleg honorar utbetaling på 180.000,- kroner
Denne summen var i 2023 budsjettert med 140.000,- og utløyste 110.00 jamfør rekneskapen.
Denne saka blei behandla i styremøte 18. januar 2024, Sak 06/24

Styret Fagforbundet avdeling 547 Sogndal